

Strålende sesongstart i Fjellhaugen

25.01.2009



Kwartett frå Uskedalen kosar seg i Fjellhaugen: Kari Ljosnes, Rolf Myklebust, Jannike Myklebust og Joakim Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Nokon har sikkert ynskt at han skulle koma tidlegare, men når alpinstarten i Fjellhaugen Skisenter først kom, kom han med fynd og klem denne helga. Sundag var tilhøva rett og slett strålende.



Det var tendensar til kø i fjellhaugen ved 13-tida sundag, men køen vart raskt avvikla. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sundag morgen kunne dei iherdige eldsjelane bak skisenteret lokka på heimesidame sine med fem centimeter nysnø og flotte forhold medan temperaturen var minus tre. Ikke å undrast over at mange tok imot invitasjonen, også atskillige uskedelingar.

Då uskedalen.no forlet Fjellhaugen klokka 13.30 hadde personalet seld rundt regna 200 parkeringsbillettar og det var dei naturleg nok svært fornøgde med.

Det var heller ingen problem med å koma til skisenteret, for vegen hadde fint vinterføre.

Også med omsyn til snøen var tilhøva ideelle, for tidlegare i veka kom det rundt 30 centimeter nysnø i anlegget og med eit bra grunnlag frå før fekk dei preparert bakken skikkeleg.

Også snøkanonane vart testa og det vart produsert kunstig snø lengst nede i bakken. Men driftsleiinga hadde trong for meir trenin for å kunne køyra kanonane for fullt.

Til dømes må vassmengda justerast etter lufttemperaturen. Di færre kuldegrader, di mindre vatn. Når så temperaturen kjem ned i minus fem til ti grader, kan ein pøsa på med dei ein har.

Også i lysløypa har det vore fine tilhøve denne helga.

Av Ola Matti Mathisen